

## Knarvik IL arrangerer miniturnering neste helg

**HANDBALL:** Knarvik IL handball skal arrangere minihandballturnering i Nordhordlandshallen lørdag 18. februar. - Det er første gong noko slikt vert arrangert i Nordhordlandsregionen, så vi er både stolte og spente, melder Åshild Trædal i handballgruppa. Turneringa er for jenter 2002 og jenter 2003, og heile handballgruppa, med spelarar, trenarar, oppmenn og foreldre vert involverte i dugnadsarbeid rundt cupen.

## Tidens første handballørdag i Lindåshallen

**HANDBALL:** I dag vert den nye Lindåshallen for alvor innvia, med den første handballørdagen i historia i det nye bygget. - Endeleg er dagen komen, og vi skal arrangere vårt første, store handballarrangement i eigen hall. Vi håpar på mange tilskodarar og god stemning, melder Tove Hauge i Lindås Idrettslag. Den første av fem kampar har avkast klokka 12.00, medan den siste byrjar klokka 15.40.

# unde



unde duell med Idar Wergeland. - Eg er veldig fornøgd, men måtte verkeleg skjerpa meg. Vi låg heilt jamt undervegs, og eg kjende pumpa



**LYSLØYPE:** Både store og små gjekk godt i lysløypene på Hopsdal onsdag. Raskast av alle var Claus Sellevoll. (Privat foto)

## Sellevoll knuste løyperekorden

Fleire av dei unge løparane gjorde sine saker bra under årets andre lysløypeløp på Hopsdal, men det var senior Claus Sellevoll som imponerte mest.

**ENDRE HOPLAND**  
endre@nordhordland.no

Det andre lysløyperennet vart arrangert av Knarvik IL onsdag.

- Flotte forhold på Hopsdal, med skarpt føre og god glid i knallharde spor, melder Steinar Mørch i arrangørkomiteen.

Slike forhold kan gjera det vanskeleg for folk å halda seg på beina, men det var mange som fiksa løypene fint.

Erlend Kvamme Kalnes frå alvidra gjekk to kilometer på sterke 9.06, og persa med godt

over minuttet. Også Jonas Daland frå Nordhordland Sykkelklubb sette ny pers.

Og så var det Claus Sellevoll då. Alle seniorane gjekk ut i fellesstart, og sellevoll var i ein heilt eigen klasse denne kvelden. Han la bak seg 9,9 kilometer på imponerende 26.06, og smadra med det sin eigen løyperekord med over to minutt.

- Claus kjørte knallhardt frå start, og gjekk dei første 3,3 på 8.37. Han demonstrerte også det meste av langrennsteknikkar for å halda farten oppe.

Her fekk vi gjensyn med både eitbeinskjøringa til Bill Koch og den grafsande padlinga til Thomas Wassberg frå 80-talet, melder Mørch, og legg til at teknikrane tydelegvis virka i dei harde løypene.

## 27 sprekingar sprang Trimkarusellen

Det var sleipt og småglatt under Trimkaruselløpet på Lindås mandag, men ein liten skare stilte likevel sprekt til start.

Vinerføret skremte ikkje 27 sprekingar frå å vera med på karusellen. Heile to tredjedelar av desse gjekk utan tidtaking. Rolf Vabø var tilbake som vinnar, i suveren stil. Overraskande var det at Magnus Vaage kapra 2. plassen. Beste prestasjon stod Olav Brakestad for – berre tre sekund etter

sesongbeste. Magnus Elvik var ikkje langt bak sesongbeste heller. Neste trimkarusell er mandag 27. februar.

- **Lindås Idrettslag**

**Resultat:**

- |                   |       |
|-------------------|-------|
| 1. Rolf Vabø      | 11,47 |
| 2. Magnus Vaage   | 12,32 |
| 3. Magne Vabø     | 12,42 |
| 4. Trygve Kolås   | 14,04 |
| 5. Olav Brakestad | 14,35 |
| 6. Even Vabø      | 15,54 |
| 7. John Jørgenvik | 16,15 |
| 8. Magnus Elvik   | 16,42 |

**Utan tid:**

Gro Merete Bjørsvik, Inger Helen Ellingsen, Solveig Iren Ellingsen, Astri Fjellanger, Daniel Fjellanger, Renate Fjellanger, Britt Gaulen, Anne Linda Johansen, Anne Britt Kolås, Ragnhild Kolås, Torun Kolås, Nils Lauvås, Vanja S. Lauvås, Edvin Kyrre Lillestøl, Gudveig Skjerve, Aslaug Sundsbø, Torbjørn Sørensen, Eirik Vaage, Jørgen B Øvstegård

I siste liten	
Av Olav Lunde	
Veke 6 - kampdag: Lørdag 11. februar	
1. Tottenham - Newcastle	X X X X X X X X X X
2. Everton - Chelsea	X X X X X X X X X X
3. Sunderland - Arsenal	X X X X X X X X X X
4. Swansea - Norwich	X X X X X X X X
5. Fulham - Stoke	X X X X X X X X
6. Bolton - Wigan	X X X X X X X X
7. Blackburn - Queens Park Rangers	X X X X X X X X X X
8. Peterborough - West Ham	X X X X X X X X
9. Southampton - Burnley	X X X X X X X X
10. Leicester - Cardiff	X X X X X X X X
11. Leeds - Brighton	X X X X X X X X
12. Ipswich - Middlesbrough	X X X X X X X X

Kuponglag utg.rekke 32 rekker 128 rekker 288 rekker 432 rekker